

Bjarte Skintveit
Steinberget 1240,
5917 Rossland

OPPATTMURING AV STEINGARD PÅ STEINBERGET GNR 43, BNR 7 OG 16

Eg viser til synfaring 3. desember d.å. Emne for synfaringa var ei strekkje av skiljegarden over innmark mellom garden din og naboeigedomen. Steingarden vart relativt nyleg teken ned då det vart lagt ny vassleidning over eigedomen. Steinen som var i steingarden, let seg ikkje påvisa i dag.

Du har bede meg om å vurdera tiltak for å reisa oppatt steingarden i den aktuelle strekkja og vurdera kva det vil kosta. Strekkja er målt opp til 15 meter.

Steingardar kan ha ulik utforming, men eg legg til grunn ei nokså vanleg form, ei form som samsvarer ganske godt med dei ståande murverka like ved. Høgda vil då vera mellom 90 og 100 cm, dvs. ei og ei halv alen. Breidda nede vil vera 80 til 90 cm og øvst ca. 50 cm.

Kostnaden ved å atterreisa steingarden i den aktuelle strekkja vil variera avhengig av grunnforholda og steinen ein har til rådvelde. Eg har fått opplyst at det truleg kan vera relativt «fast grunn» på staden då det vart lagt tilbake fylling då vassleidningen vart lagd. Viss det er tilfelle, vil det grunnarbeidet bli relativt enkelt. Ein maskin kan grava av jordlaget øvst i ei stripe på 1,5 til 2 meter og det kan med fordel leggjast eit lag med stein og pukk som underlag for botnsteinane i steingarden. Dersom denne føresetnaden ikkje er rett, må ein rekna med ein noko høgre kostnad for grunnarbeidet sin del. Sjølve muringa av steingarden, inkludert legging av botnsteinar, vil bli påverka av kva stein som er til rådvelde. Helst burde ein ha stein frå området med nokolunde same eigenskapar og utsjånad som den steinen ein finn i dei ståande delane av steingarden, elles må ei skaffa til veges stein som ikkje bryt for mykje i utsjånad med eksisterande stein. Det ein ser der, er elles at arbeidet er rimeleg forseggjort og at må rekna med ei moderat bearbeiding av steinen. Eg har lagt til grunn ei framdrift, med to drivne personar i arbeid, på 2 meter, dvs. grovt rekna 4 rutemeter, per dag.

Når det gjeld pårekna kostnader, viser eg til vedlagt rekneark.

Frekhaug 11.12.15

Beste helsing

Haakon Aase

Vedlegg: 1